

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Otterøya, midtre

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja.
 2. Først eg minnest omkring 1878 eller 79. Var visst ikkje enda brukt i alle heimar. Gjekk visst enda nokre år før det vart vanlig alle heimar. No vanlig i alle heimar, enten der er born eller ikkje.
 3. Bynte i heimane, seinare på offentlige barnefestar og vidare på religiøse julefestar og andre julefestar. Først i aller seinaste tid har ein her brukt å ha eit juletre i kjerka ved gudstenesta i jula.
 4. Kjenner ikkje noko til det her.
 5. Fell bort.
 6. Det rettar seg etter lokalet der det skal stå.
 7. Pyntet med vanlig julestas av metall eller papir og påsett lys. No også gjerne elektrisk lys.
 8. Mest vanlig barna, dei har glede av det. Ei tid var det på mote at vaksne pynta treet så borna ikkje visste om det, før dei fekk sjå det ferdig og tennt. Eg hugsar eit slikt tilfelle frå min tidligste barndom. Men da eg fekk sjå det, kjente eg meg skuffa, og eg vart ikkje så glad i juletreet som om eg hadde vori med og pynta det sjølv.
 9. Var det born i huset, stod det helst på golvet. Var det berre vaksne eller eldre folk stod det helst på eit bord eller liknande.
 10. Serlig juleaftan, nyårsaftan og trettandagsaftan. Men der det var born, tennte dei det nok fleire kveldar i jula.
 11. Går rundt treet og syng julesalmar og julesongar, dei vanlige som visstnok er brukt alle stader.
 12. Før var det til trettandagen. -- Ellest blir dei gamle skikkane mindre etterlevd no. Gong og song omkring juletreet er det visst mindre av i heimane no. Men på dei offentlige julefestane brukar dei å gå mykje om juletreet.
 13. Ventelig trettandagen, var så før. Eg trur uttrykket "hauste juletreet" sjeldan er brukt her. Kjenner heller ikkje noko anna uttrykk i staden.
 14. Grån. Har unntaksvis sett furu.
 15. Kjenner ikkje til noko av dette her.
 16. Nei, det har eg ikkje sett.
- Halm.
1. Nei. -- 2. 3. og 4. fell bort.

